



Kayak Voss DA
Groavegen 17
5705 VOSS

Dato: 13.05.2014
Vår ref.: 2014/10847-58
Saksbehandlar: kjesigv
Dykkar ref.:

Dykkar referanse: Dag Sandvik

Tilskot til lokale klima- og miljøtiltak 2014 – Tilsegn om kr 15 000,- til Kayak Voss DA – Ta sykkelen til elva

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til ovannemnde prosjekt datert 01.04.2014. De søkte om kr. 30.000,-. Vi har i 2014 motteke i alt 27 søknadar om tilskot, samla søknadsum er kr. 1.587.080,- medan budsjettposten er på kr. 655.000,-.

Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver **kr 15.000,-** til prosjektet frå budsjettet for lokale klima- og miljøtiltak 2014.

Beløpet blir overført til kontonummer: 3480.12.63781

Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing i Klimaplan for Hordaland: <http://www.hordaland.no/miljo>

1. PROSJEKTGRUNNLAG

Ut frå formuleringane i prosjektsøknaden, legg vi til grunn desse momenta:

Overordna mål:

- Kayak Voss ynskjer så langt som råd å fase ut vår bilbruk til fordel for sykkel/el-syssel.
- Målet er både å redusere våre utslepp, samt å gå føre med eit eksempel for andre friluftslivsaktørar og syne kva som er mogeleg.

Enkel beskriving av prosjektet:

- Kjøpe inn to el-syklar og to kajakk tilhengarar.
- Ynskjer å ha 8 syklar til gjestene, samt låsar og stativ til syklar.
- Sjølve transporten vil vere ein del av opplevinga.
- Promotering av prosjektet: lage ein eigen film for å presentere «Ta sykkelen til elva».

2. PROSJEKTORGANISERING:

Prosjektansvarleg: Dag Sandvik

Planlagt slutt: -

3. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering

Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til Hordaland fylkeskommune.

Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen De fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Kjetil Sigvaldsen, tlf. 55 37 80 11 eller e-post: Kjetil.Sigvaldsen@hfk.no

Hordaland fylkeskommune ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Gudrun Mathisen
leiar

Kjetil Sigvaldsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Sluttregneskapsskjema
- 2 Akseptskjema

